

# VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA – SFO I SANDE KOMMUNE

## § 1. Formål

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn, jf. opplæringslova §13-7.

Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar, med utgangspunkt i borna sin alder, funksjonsnivå og interesse. Skulefritidsordninga skal gje borna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsmoglegheiter.

Tilbodet er tufta på same verdisyn som skulane og barnehagane i kommunen.  
Kvar av skulefritidsordningane skal utarbeide årsplan for innhald og organisering.

## § 2. Eigartilhøve

Sande kommune eig og driv dei kommunale skulefritidsordningane.

## § 3. Leiing, styring og ansvar

Skulefritidsordninga er administrativt underlagt sektor for oppvekst og kultur. Rektor/einingsleiar har det overordna ansvaret og er fagleg leiar for skulefritidsordninga ved den enkelte skule.

Helse- og oppvekstutvalet er ansvarleg politisk organ.

## § 4. Bemanning

Bemanninga må vere forsvarleg i forhold til borna sin alder og deira føresetnadar. Tilsynet skal i praksis vere forsvarleg i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje jfr. forskrift til opplæringslova § 12-1. Til vanleg skal det ikkje vere meir enn 12 barn pr. tilsett.  
Barn med særskilte behov for ekstra tilsyn og omsorg kan løyse ut tilleggsressursar.  
Rektor/einingsleiar har ansvaret for å vurdere kva som er forsvarleg bemanning.

Alle som arbeider i skulefritidsordninga har teieplikt etter forvaltingslova §§ 13 – 13f.  
Den som vert tilsett må leggje fram politiattest jf. opplæringslova § 10-9.  
Tilsette har opplysningsplikt til barnevernet og sosialtenesta jf. opplæringslova §§ 15-3 og 15-4.

## § 5. Leike- og opphaldsareal

Leike- og opphaldsareal ute og inne er i sambruk med skulane, og med barnehagane på Kvamsøy og Sandsøy. Areal skal vere eigna for formålet, og vere universelt utforma.

Leike- og opphaldsareal skal vere godkjende etter dei faglege normer som gjeld, jf. forskrift om miljøretta helsevern, og stette krava i opplæringslova kapittel 9A.

### **§ 5. Opptak av born**

Foreldre sender søknad på elektronisk skjema som ligg på kommunen si heimeside. Søknadsfristen er sett til 15. april. Dersom ein søker om plass etter søknadsfristen, må evt. opptak vurderast ut frå budsjettmessige- og kapasitetsmessige omsyn.

Rektor/einingsleiar er ansvarleg for opptak. Det vert gitt plass for eit skuleår om gongen.

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for born med særskilde behov på 5.-7. trinn. Frist for å søkje om plass på skulefritidsordninga for barn med særskilde behov er 15.april.

### **§ 6. Opningstider**

Skulefritidsordninga fylgjer skuleruta.

Det er ulike opningstider for den enkelte skulefritidsordning med ei felles kjernetid mellom kl. 07.15-16.10 med unntak på Sandsøya der skulefritidstilbodet er lagt til Sandsøy barnehage etter skuletid. Tilbodet omfattar den tida som ikkje vert dekt av den obligatoriske skuledagen, og vert tilpassa timeplanen til den ein skilde skule.

Det vert gitt tilbod om slike plasstypar:

1. Inntil 8 t. pr. veke
2. 9 – 12 t. pr. veke
3. 13 – 15 t. pr. veke
4. 16 – 20 t. pr. veke

Timetalet kan fordelast ut frå behov og kapasitet. Kvart barn skal ha ein fast oppsett og avtalt timeplan for skuleåret.

Timetalet som er omsøkt vil vere likt for kvar veke, og kan ikkje tilpassast individuelt.

Sfo-tilbod etter skuletid, startar rett etter skulen er ferdig. Det er ikkje høve til å tilpasse tider for enkelte barn etter dette tidspunktet.

Barn som har plass ved skulefritidsordninga kan kjøpe ekstra timar med atterhald om ledig kapasitet. Kostnad for kjøp av enkelttimar fyl gjeldande gebyrregulativ.

#### Sommar-sfo:

I tillegg vert det gitt tilbod om sommar-sfo for borna i alle krinsane. Det må sendast inn eigen søknad og det vert ekstra betaling for sommar-sfo. Sjå orientering på Sande kommune sine sider om fristar, pris, søknad mm.

Det vert gitt tilbod om sommar-sfo to veker før skulestart om hausten, inntil noko anna evt. vert bestemt. Tilbodet er ope frå kl 07.30 -15.00, og er ope for alle elevar i Sande som skal gå i 1.-4. klasse. Borna må ha med eigen matpakke då matsservering ikkje ligg inne i tilbodet.

Tilbodet blir gitt ved den skulen der det er flest søkjarar.

### **§ 7. Foreldrebetaling**

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga for kvart skuleår/budsjettår.

Foreldre betalar frå startdato t.o.m. sluttdato kvart skuleår. Matpengar kjem i tillegg til betaling for plass.

Det vert gitt syskenmoderasjon med 30 % for barn nr. 2, og 50 % for barn nr. 3 osv. Det vert ikkje gitt syskenmoderasjon mellom skulefritidsordning og barnehage.

Jfr. forskrift til opplæringslova 1B-4 skal kommunen gje fritak frå foreldrebetaling for 12 timar pr. veke for elevar på 1. årstrinn som har plass i skulefritidsordninga. Dette gjeld også skulefritidsordning som vert gitt i feriane.

Etter søknad kan det verte gitt moderasjon etter forskrift til opplæringslova kap. 1B om SFO. Informasjon og søknadsskjema ligg på heimesida til Sande kommune. Søknader som er leverte før 1. august det året det gjeld, vil gjelde frå 1. august og ut skuleåret. Søknader leverte frå og med 2. august og seinare vil gjelde frå første heile månad etter søknadstidspunktet.

For barn som ikkje vert henta etter avtalt plan, vert det kravd eit vedteke beløp pr. påbegynt halvtime.

Ved manglande betaling kan kommunen seie opp plassen. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Dersom ein har uteståande foreldrebetaling vil dette kunne føre til avslag på plass ved seinare opptak.

### **§ 8. Oppseiing og endring av plass**

Oppseiing eller endring av plass skal skje elektronisk via heimesida til Sande kommune.

Det er 1 månads oppseiingstid rekna frå den 1. i påfylgjande månad. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida. Dersom plassen vert sagt opp etter 31. mars, må ein betale ut skuleåret. Dette gjeld også om det vert søkt om redusert plass.

### **§ 9. Skyss**

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod der foreldre har ansvar for skyss til og i frå ordninga. Unntak kan vere born som har særskilt rett til skyss. Denne retten gjeld kun når det er skuledagar.

### **§ 10. Forsikring**

Sande kommune har kollektiv ulykkesforsikring for born i barnehagar, SFO og elevar i grunnskulen.

### **§ 11. Iverksetting**

Vedtektene er gjeldande frå 1. november 2022.

Vedtektene er vedtatt i Helse og oppvekstutvalet i sak politisk sak 06/ 23 den 01.02.23.